

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato: 08.12. 2005  
Saksandsamar: Gunnar Hoff  
Saka gjeld: **Instruks for kontrollkomiteen**

**Styresak: 121/05 B**

**Styremøte 14.12. 2005**

---

## Bakgrunn

Instruksen vart lagt fram for styret i Helse Vest 27.10.2005. Styret ønska å få framlagt eit nytt forslag til instruks for kontrollutvalet, med følgjande endringar:

*"Det må presiserast i instruksen at alle møte i kontrollutvalet er opne.*

*Instruksen må omformulerast slik at han gjev vide fullmakter til kontrollutvalet, samstundes som omfanget av "må oppgåver" vert avgrensa."*

## Kommentar

I vedlagde instruks er det innarbeidd endringar i forhold til vedtaket i styremøte. Det går no eksplisitt fram i punkt 6. Møter, at møta i kontrollkomiteen er opne.

I punkt 4 Oppgåver, er hovudoppgåvene til kontrollkomiteen samla i fire generelle punkter som erstattar den førre detaljerte opplistinga av oppgåver.

## Innstilling frå internrevisor til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet godkjenner instruks for kontrollkomiteen.

## Vedtak i kontrollutvalet:

Kontrollutvalet godkjenner instruks for kontrollkomiteen.

## Kontrollutvalet si innstilling til styret:

Styret godkjenner instruks for kontrollkomiteen

## Vedlegg:

Instruks for kontrollkomiteen i Helse Vest RHF